

**Terje Søviknes** sette på vegner av Frp, H og V fram slikt forslag:

«Alternativt framlegg til vedtak:

Hordaland fylkeskommune går i mot forslaget til etablering av statlege planføresegner for lokalisering kjøpesenter og handel. Gjeldande regionale plan er laga på bakgrunn av det dåverande forbodet mot etablering av kjøpesenter, og er såleis i tråd med det. Ny plan er under utarbeiding. Fylkeskommunen meiner dei omsyna som ligg bak forslaget til planføresegner godt kan ivaretakast regionalt og lokalt utan statlege planføresegner.

Dersom planføresegna vert innført, har fylkeskommunen følgjande merknader:

1. Fylkeskommunen ser trong for eit klårare regelverk for etablering og utviding av handelsverksemdar. Fylkeskommunen føreset at regionalt handlingsrom vert sikra ved at den statlege planføresegna kan avløyast av regionale planføresegner.
2. Fylkeskommunen er positiv til at både regionale retningslinjer for sentrumsavgrensing og fastsetting av sentrumsgrenser i kommuneplanar vert lagt til grunn for praktiseringa av føresegna.
3. For å styrke by- og tettstadsenter er det avgjerande at handelens omfang vert tilpassa storleiken på staden og det omlandet som skal betenast.
4. Det må opnast for etablering av nye handelssenter utanfor eksisterande sentrumsområde og handelsområde dersom dette er del av ein regional plan.»

### **Røysting**

Søviknes sitt forslag, første og andre avsnitt, vart vedteke med 8 røyster mot 7 røyster (A, Sp, SV, KrF) for fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1.

Søviknes sitt forslag punkt 1, 2 og 3 vart samrøystes vedteke.

Søviknes sitt forslag punkt 4 vart vedteke mot 1 røyst (SV).

### **VEDTAK**

Hordaland fylkeskommune går i mot forslaget til etablering av statlege planføresegner for lokalisering kjøpesenter og handel. Gjeldande regionale plan er laga på bakgrunn av det dåverande forbodet mot etablering av kjøpesenter, og er såleis i tråd med det. Ny plan er under utarbeiding. Fylkeskommunen meiner dei omsyna som ligg bak forslaget til planføresegner godt kan ivaretakast regionalt og lokalt utan statlege planføresegner.

Dersom planføresegna vert innført, har fylkeskommunen følgjande merknader:

1. Fylkeskommunen ser trong for eit klårare regelverk for etablering og utviding av handelsverksemdar. Fylkeskommunen føreset at regionalt handlingsrom vert sikra ved at den statlege planføresegna kan avløyast av regionale planføresegner.
2. Fylkeskommunen er positiv til at både regionale retningslinjer for sentrumsavgrensing og fastsetting av sentrumsgrenser i kommuneplanar vert lagt til grunn for praktiseringa av føresegna.
3. For å styrke by- og tettstadsenter er det avgjerande at handelens omfang vert tilpassa storleiken på staden og det omlandet som skal betenast.
4. Det må opnast for etablering av nye handelssenter utanfor eksisterande sentrumsområde og

handelsområde dersom dette er del av ein regional plan.»